



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vår dato: 25.08.2015
Vår ref.: 201101180-24
Arkiv: 312 / 113.22Z
Deres dato:
Deres ref.:

Saksbehandler:
Silje Aakre Solheim
22959544/saas@nve.no

Oversender vedtak til OED for endelig avgjørelse - Skallelva kraftverk

Ved NVEs vedtak av 8.6.2015 fikk Skallelva Kraft AS tillatelse til å bygge Skallelva kraftverk i Halså kommune. Fylkesmannen i Møre og Romsdal fremmet innsigelse til saken i forbindelse med høringen av søknaden. Fylkesmannen i Møre og Romsdal opprettholder innsigelsen etter NVEs vedtak.

Bakgrunn

Fylkesmannens innsigelse fremgår av høringsuttalelsen datert 20.6.2013. Vi siterer følgende fra innsigelsen:

«Konklusjon:

Etter Fylkesmannens vurdering tilfredsstiller søknaden kravet til kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova § 8.

Fylkesmannen har med medhold av vassressurslova § 24 motsegn til Skallelva kraftverk med eit inntak ovanfor fossen. Vi legg til grunn at ei slik utbygging vil redusere den sjeldne naturtypen fossesprøytsone med fosseeng, som er den einaste registrerte i sitt slag på Nordmøre.

Fylkesmannen kan tilrå ei utbygging med inntak i hovudelva nedanfor fossen/fossesprøytsona.

Bakgrunn

- Skallelva Kraft AS vil utnytte fallet i Skallelva frå kotehøgde 355 ned til eit kraftverk på kote 90. I tillegg skal det overførast vatn frå eit planlagt inntak i Gammelseterbekken på ca kote 365 og til Mellomelva (ca. kote 360) til Skallelva.
- Maksimal slukeevne er på 480 l/s. Dette er 480 % av middelvassføringa på 100 l/s. Minimum slukeevne er på 24 l/s og alminneleg lågvassføring er rekna til 7 l/s i Skallelva, 3,0 l/s i mellomelva og 4,0 l/s i Gammelseterbekken.
- Det er føresett ei minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring for kvar av vassdraga.
- Vassvegen blir om lag 1120 m som skal gravast ned. Diameter 450 mm. I tillegg 610 m overføringsrør frå dei to elvene.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

- Det er rekna med ein midlare årsproduksjon på ca. 2,88 GW med installert effekt på 1050 W.

Vurdering

Biologisk mangfald

Rapporten gir god informasjon om kunnskapsgrunnlaget for utbyggingsområdet. Han inneheld også ein god del om vegetasjonen samt om karplantar, lav og mosar. Sjølv om det ikkje er funne sjeldne artar i området viser det seg at artsdiversiteten er høg. I det heile skil naturen i vassdragsområdet seg ut frå det som er vanleg. Det eine er funn av artar som indikerer næringsrikt/kalkhaldig jordsmonn med artar som gulsildre og breiull. Truleg på grunn av at det øvst i elva kryssar det ei åre med amfibolitt og glimmerskifer.

I fossen er det mosar som er sterkt avhengige av eit stabilt og fuktig miljø. Mosefloraen har karakter av å vere sers artsrik samanlikna med det som er vanleg ved og i slike små elver på Nordmøre. I den øvre delen vart det registrert nærare 50 artar.

Etter rapporten står den artsrike fosseenga i fare for å bli øydelagt om prosjektet blir gjennomført. Fossesprøytnar er ein av våre mest varierte naturtypar og som Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på. I slike område finn ein eit mangfald av element og artar som ikkje er vanlege i mindre fuktig naturmiljø. I rapporten er dette vassdraget samanlikna med andre nedbørsfelt. Dette er eit avsnitt som er lite avklarande. Det er få kjente vassdrag i fylket med fossesprøytnar med godt utvikla fosseenger og med ein stort sett stabil fossesprøyt. Som grunnlag for denne konklusjonen bygger vi på vår innsamling av data gjennom mellom anna kommunevis kartlegging av biologisk mangfald og som er presenterte i Naturbase samt gjennom vår handsaming av eit stort tal søknader om bygging av småkraftverk dei siste åra. Etter ein gjennomgang av Naturbase for alle kommunane på Nordmøre viser det seg at denne fosseenga er den einaste som er registrert. Sidan det gjeld ein sjeldan naturtype finn vi å reise motsegn til eit inntak ovanfor fossen. Vi legg til grunn at fosseenga vil minke i omfang og at fleire av artane får reduserte førekomstar som følgje av ei utbygging. Tiltaket slik som det no er søkt om risikerer å svekke viktige biologiske og økologiske samanhengar med ei alvorleg påverknad av fosseenga.

Landskap, friluftsliv og INON

Røyrgrata, som vil bli graven ned, går stort sett gjennom område som alt er forstyrta av menneskeleg aktivitet som hogst- og plantefelt og skogsvegar. Dette gjeld særleg i nedre del av området. I øvre del av området er påverknaden klart mindre. Etter avslutta anleggsarbeid vil dei landskapsmessige konsekvensane etter vårt syn vere relativt små.

Etter det vi kjenner til er friluftslivsinteressene i området hovudsakleg av lokal karakter.

Rognskogfjellet er i Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde i Møre og Romsdal (vedtatt år 2000) vist som del av eit av dei større og dermed prioriterte inngrepsfrie områda i fylket (Område 11: Fjellområda mellom Halså og Surnadal). Sidan planen vart utarbeidd har det alt skjedd inngrep som har redusert og delt opp mykje av dette området og vi må nok konstatere at fylkesplanen ikkje har klart å ta vare på dette arealet slik som planføresetnadene var. Tiltaket vil redusere eit inngrepsfritt område ved Rognskogfjellet i sone 2 (1-3 km frå inngrep) med ca. 0,75 km². Dette må takast med i vurderinga ved behandling av søknaden.

Fisk

Det er gjort fiskeundersøking og søk etter elvemusling i vassdraget. Det blir konkludert at det ikkje finst anadrom fisk og elvemusling i Skallelva. Det er heller ikkje registret ål i vassdraget. Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over. Eit inntak i hovudelva ovanfor fossen vil medføre at den sjeldne naturtypen fossesprøytsone med fosseeng, som Norge har eit internasjonal ansvar å ta vare på, blir redusert eller står i fare for å bli øydelagt. Vi reiser derfor motsegn til planen på dette punkt. Vi rår til at ein i staden utgreier eit alternativ med inntak nedanfor fossen, slik at ein framleis kan ta vare på denne naturtypen.»

I brev av 16.6.2015 opprettholder Fylkesmannen sin innsigelse også etter NVEs vedtak:

«Vi har gjennomgått det naturfaglege grunnlaget for vedtaket og kome til at vi fastheld vår motsegn. Som det går fram av Naturbase er ein del av vassdraget registrert som fossesprøytsone. Det gjeld ei artsrik fosseeng med ei moserik utforming (E0501). Etter norsk raudliste for naturtypar er fosseberg og fosse-eng i kategorien nær trua (NT). Dette er grunna faktorane sterk arealreduksjon og tilstandsreduksjon. Vi kan ikkje sjå at det er lagt vekt på dette i saksutgreiinga.

<http://artsportalen.artsdatabanken.no/#/RodlisteNaturtyper/Vurderinger/>

Vi er samde i at det er kunnskapsmangel om omfanget av fossesprøytsoner/fosseenger i fylket, men i saksutgreiinga er denne mangelen i liten grad knytt til § 9 (føre-var-prinsippet) i naturmangfaldlova.

Etter det vi kjenner til er alle kommunepakkene på Nordmøre no stort sett ferdige, og slik sett har det likevel kome fram ein del kunnskap om også andre vassdrag på Nordmøre. Vi vil nemne det nasjonale bekkekløftprosjektet som ga ny informasjon om naturmangfaldet i og ved vassdrag og kvalitet på det som er av naturtypedata i Naturbase. Vi må derfor konkludere med at det tross alt er ein del kunnskap om kva for verdiar som er representerte i dei resterande vassdraga i fylket»

NVE vurderer det slik at Fylkesmannens innsigelse er vurdert grundig i vårt vedtak 8.6.2015. Det er etter vår mening ikke kommet nye momenter i saken, og det er derfor ikke grunn til å vurdere innsigelsen på nytt.

NVEs konklusjon

Fylkesmannen har ikke trukket sin innsigelse innen fristen og vi har ikke mottatt ytterligere klager på vedtaket. Vi oversender med dette saken til Olje- og Energidepartementet for endelig avgjørelse, jf. forvaltningsloven § 33.

Sakens dokumenter vil være tilgjengelige gjennom Sedok.

Med hilsen

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Øystein Grundt
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.



Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Ingebrigt Henden